


# **Periodebestemt emneplan**

## **Sogndal Studentbarnehage**

## Innholdsliste

Årshjulet	s. 3
Oppstart og rutinar	s. 4
Kroppen (meg sjølv)	s. 6
Haust	s. 8
Advent/jul	s. 10
Vinter	s. 12
Eventyr	s. 13
Påske	s. 15
Vår	s. 15
Sommaren	s. 18

# Årshjulet



Me vurderer frå år til år kor mykje me fordjupar oss i kvart tema, dette på grunn av studentar og uforutsette prosjekt.

<p><b>Kva Oppstart og rutinar</b></p>	<p><b>Korleis</b> Snakkar mykje saman både med barn og foreldre</p> <p>Faste rutinar og faste plassar ved bordet</p> <p>Syngje namnesangar Gi merksemd og sjølvkjensle til den enkelte. Skape tilhøyre og «me-kjensle» i gruppa.</p>	<p><b>Kvifor</b> Lære barna å kjenne -må forstå litt av den bakgrunnen barnet har</p> <p>Skape tryggleik</p> <p>Barnet skal føle at “her høyrer eg til”, dei skal føle at dei bli akseptert og at dei er ein viktig del av barnehagen Barnet lærer seg sjølv å kjenne.</p>	<p><b>Sosial kompetanse</b> Borna kjem frå familiar der dei ofte har vore midtpunktet, til ei gruppe på 10 / 24 barn. Dette er en stor overgang og me må vise at me forstår det kan vere vanskeleg. Både dei vaksne og dei gamle barna viser medkjensle for dette og prøver på ein god måte å få nye barn inn i gruppa. (også nokre gamle barn treng dette) Barna lærer seg <u>empati</u>.</p> <p>Alle aktivitetar gjer me i samarbeid, difor blir det viktig at alle forstår reglar i barnehagen. (Venta på tur/dela)</p> <p><u>Samarbeid</u>: Både sjølvhevdning og sjølvkontroll blir viktig å læra seg når ein er i større gruppe.</p> <p><u>Sjølvhevdning</u> for ikkje å forsvinne i massen, eller alltid bli tildelt dårlege rollar i leiken. <u>Sjølvkontroll</u> for ikkje å agere på ulike kjensler, spesielt dei vonde (som t.d slå, dytte). Vi opplever at for fleire kan oppstarten vere vanskeleg, men gjennom samarbeid og empati vil vi finne løysingar som er gode. Barnet må få forklart kvifor ting er som det er.</p> <p><u>Problemløysing</u>: Nokon taklar barnehagestart lett, andre reng meir tid. Etter ei tid med innkøyring er målet at alle barna likar seg godt.</p>	<p><b>Fagområde</b> Språk, tekst og kommunikasjon Nærmiljø og samfunn</p>
---------------------------------------	--	--	---	---

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p>«Bli-kjent-middag»</p> <p>REAL øvingar</p> <p>Ta opp grønsaker frå åkeren</p> <p>Foredle</p> <p>Lage invitasjon og pynt</p> <p>Handle og lage mat, pynte og dekke opp</p>	<p>Prosjekt entreprenørskap , barna lagar middag, pyntar og inviterer foreldra.</p>	<p>Med mange nye barn og føresette syns me det er viktig å gi dei ein møteplass i barnehagen.</p> <p>Viktig at barna er med på heile prosessen fram mot velkomstmiddagen, heilt frå ein sår om våren til ein haustar og foredlar grønsakene om hausten Dei får då innsikt i kva som må gjerast før gjestene kjem.</p>	<p>Gjennom alle desse prosessane lærer barna mykje om samarbeid, samspel og ansvar. Alle bidreg så godt dei kan, på sine premissar. Me er gode på ulike ting. Lærer om aksept og respekt for det at vi er ulike, både når det gjeld kunnskap, interesse og ferdigheiter innanfor ulike områder.</p>	<p><u>August</u> Nærmiljø og samfunn</p> <p>Natur, miljø og teknikk</p> <p>Kropp, rørsle, mat og helse</p>

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p><b>Kroppen/ meg sjølv</b></p>	<p>Auka barnet sitt medvit om seg sjølv, namnet sitt, familien sin med meir.</p> <p>Ta bilde av barna, til stolane og bursdagskalender.</p> <p>Gi merksemd og sjølvkjensle til den enkelte.</p> <p>Lære barna å dele, hjelpe og vise omsyn med meir.</p> <p>Lære om kroppsdelen, augefarge, hårfarge, og sjå utviklinga i løpet av året.</p>	<p>Barnet lærer seg sjølv å kjenne</p> <p>Føla at eg høyrer til her, og føla seg viktig og akseptert for den eg er.</p> <p>Lære ulike omgrep om sin eigen kropp.</p> <p>Naturleg for alle barn og bruka kroppen for å bli medviten seg sjølv.</p>	<p>Det å gi fokus på enkeltbarn er og noko me gjer i mange samanhengar.</p> <p>Dersom barn ikkje vil/ eller klarar å fortelja om seg sjølv framfor andre vil dei vaksne hjelpe til. Me finn moglegheiter som gjer at alle til slutt kan klara å retta fokus mot sin eigen person - <u>problemløysing</u>.</p> <p>Gjennom å kjenna seg sjølv og sine egne grenser, vil ein klare å forstå andre - <u>empati</u>.</p> <p>Når me blir godt kjent, blir det lettare å ta kontakt og leike saman, me blir meir opne og me kan sleppa oss lause - <u>glede/humor</u>.</p> <p>Hjelpe kvarandre - <u>samarbeid</u>.</p>	<p><u>September:</u> Kropp, rørsle, mat og helse</p>

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p><b>Kroppen/ meg sjølv</b></p>	<p>Gjera rørsler og lære via kroppen, smake/føle/lukte</p> <p>Grovmotorisk aktivitet; sangleikar, dans, røra seg etter musikk og prøve ut ulike grovmotoriske aktivitetar.</p> <p>Sjå på kva klede ein nyttar i dei ulike årstidene, i forhold til vær, og trene å ta dei på. Dette er noko me gjer gjennom heile året.</p>	<p>Bli kjende med dei vanlegaste sangleikane.</p> <p>Få oppleve gleda ved å bevega på seg, dei kjenner kva dei er gode på og kva dei må trene på.</p> <p>Barna skal etter kvart meistre å kle seg sjølv.</p>	<p>Gjennom sangleiker og dans må ein samarbeide og følgje reglar.</p> <p>Barna øver <u>sjølvkontroll</u> i påkledningssituasjonen, dei strevar felt med å få på både klede og sko, <u>problemløysing</u> – vi må beundre det tolmod barna viser i denne innlæringsfasen. Barna lærer òg <u>samarbeid</u> ved at dei må spørja andre etter hjelp og råd, og dei hjelper kvarandre. Dei som er mest modne viser <u>empati</u> med andre ved å hjelpe dei. Påkledningsstunda kan bli ei koseleg stund dersom ein har god tid, ein gir rom for litt tøysing og sang, <u>glede og humor</u>.</p>	<p><u>September:</u> Kropp, rørsle, mat og helse</p>

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<b>Mangfald</b>	Viser til heftet «Markering av høgtider»	Ivareta barna sin rett til å vere anleis/ulik i fellesskapet.	Anerkjenne ulikskap og kvarandre sin kultur, livssyn og verdiar. Skape haldningar som bygger på respekt, tillit og trygghet.	Etikk, religion og filosofi
<b>Haust</b>	Haustsongar Lage haustbilde Sjå på haustfargar; <ul style="list-style-type: none"> <li>• gå turar</li> <li>• gå ned til sjøen for å sjå på livet der</li> <li>• plukke bær</li> <li>• plukke eple</li> </ul>	Bli kjend med årstida og sjå endringane i naturen.  Det er òg ein fin anledning til å hente inn formingsmateriale. Når vi gjer dette saman med barna ser dei kvar formingsmateriala kjem frå og kva intensjon dei hadde ute i naturen.  I Noreg har det vore ein tradisjon å gå turar om hausten. Det var viktig for å skaffa mat (bær, sopp) til huset. Å gå ut i naturen stimulerar til fantasi og vi vil oppmoda barna til å vera nysgjerrige.	Me går saman i små grupper og ser på naturen. Barna lærer å hjelpe andre som er mindre enn seg sjølv, ved å leie og hjelpe opp igjen når nokon fell. Gjennom slike handlingar lærer dei seg <u>samarbeid</u> og at samarbeid gjer dei "sterke".  Når barna viser medkjensle og hjelper andre barn som ikkje klarar, ser vi at barna har <u>empati</u> .  Barna må lære å kontrollera seg sjølv gjennom at dei kan gå på rekke/vente på andre - <u>sjølvkontroll</u> . På same måte som barn må lære seg sjølvkontroll, må me lære nokre barn at dei ikkje må la andre styre dei. Kvart individ bestemmer over seg sjølv – <u>sjølvhevding</u>  På tur kan me oppleve konflikhtar som er ypparlige for å lære barn <u>problemløysing</u> . Nokre døme <ul style="list-style-type: none"> <li>• vil ikkje ha på ytterklede.</li> <li>• Vil ikkje halde i handa</li> <li>• Vil ikkje gå</li> </ul>	<u>Oktober:</u> Nærmiljø og samfunn



Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<b>Vennskap</b>	Jobbar i prosjekt på tvers av avdelingane	Å fremje psykisk helse blant barn i barnehagen er eit felles satsingsområde, me tek utgangspunkt i vennskap. Skape gode relasjonar mellom barn, og mellom barn og vaksne.	<p>Det å vere ute gir næring til <u>glede og humor</u> – vi spring etter kvarandre, vi ”skrik og skråler”, ruller i graset/snøen med meir.</p> <p>Me <u>samarbeider</u> mot eit felles vennskapsbilde, om å lage mat for å glede andre, me syng sangar om vennskap, alrså <u>pro-sosiale handlingar</u>. I leikegruppene øver me mykje på å dele, og leike saman - <u>Sjølvkontroll</u></p>	<p><u>Oktober:</u> Etikk, religion og filosofi</p> <p>Kunst, kultur, kreativitet</p>
<b>FN-basar</b>	Invitere føresette til å bidra til innsamling til FORUT Kafé knytt opp mot entreprenørskap mat, utlodning, underhaldning	Lære om andre sine levesett. Ein liten markering, av ein viktig dag i verdenssamanheng. Gleda av å dele og hjelpe andre.	<p>Alle saman er med å lagar til – <u>samarbeid</u>. Ikkje alle barna kan få vere med på alt, nokon får for eksempel vere med på matlaging denne gongen - ein annan gong blir det nokre andre - <u>sjølvkontroll</u>. Me snakkar om dei me samlar inn pengar til, og prøver å setta oss inn i deira situasjon - <u>empati</u>. Barna opplever <u>glede</u> ved å hjelpe andre.</p> <p>Det å samle inn pengar til dei som ikkje har så mykje er éin måte å hjelpe på. På kva andre måtar kan me hjelpe? - <u>problemløysing</u></p>	

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p>REAL øvingar: Lage mat og invitere til basar</p>	<p>Snakka om det å hjelpa andre som ikkje har så mykje.</p> <p>Stor avdeling snakkar om andre land, spesielt det landet vi skal samle inn til.</p> <p>Lage eplesyltetøy, eplekake Dekke bord, lage pynt</p>	<p>Lære om korleis andre kan ha det og korleis vi har det.</p> <p>Barna får lære om kva ein kan lage av eple. Erfaring i matproduksjon av ulikt slag.</p>	<p>Barnet får eg-kjensle. Me snakkar om kvar me kjem frå, namn, alder, m.m. Barna blir tekne fram i samlingar, og dei får oppleva å vera i fokus – det er ok at andre ser meg, dette er ikkje farleg - <u>sjølvhevding.</u></p> <p>Barn samarbeider fram mot eit felles mål</p>	<p><u>November/Desember:</u> Etikk, religion og filosofi</p> <p>Kunst, kultur, kreativitet</p>
<p><b>Advent</b></p>	<p>Adventstake, julekalendar, bake julekaker, Lage julegåver og julepynt</p>	<p>Tradisjon og høgtid. Få oppleva dette som ei tid då me legg stor vekt på å ta godt vare på kvarandre.</p>	<p>Dette er ei tid då me legg vekt på å gjera ting ilag, og me har mange fellesaktivitetar. Det er då viktig at me får alle til å føla at dei bidreg med noko - <u>sjølvhevding.</u></p>	

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
Lucia			<p>Me bakar og deler baksten med andre. Me må finne gleden ved å dele med andre og kva det betyr for kvar ein skild å glede ein annan person - <u>empati</u>.</p>	Kropp, rørsl, mat og helse
<p>REAL øvingar: Lage invitasjon Bake lussekatter</p>	<p>Barna bakar og lagar invitasjon og øver på song og toget.</p>	<p>Tradisjon i barnehagen. Ein møteplass for foreldra, kjekt for barna å vise fram noko dei har øvd på.</p>	<p>Felles oppleving med foreldra.</p>	
Nissefest	<p>Synge julesanger Nissegrautfest med julesongar og nisse.</p>	<p>Tradisjon i barnehagen. Juleavslutning</p>	<p>Ved alle høgtidene i barnehagen har vi lagt opp til at vi skal vera mykje ilag, noko som betyr at barna må vise mykje omsyn til andre - <u>sjølvkontroll</u>. Mange fellesaktivitetar veit me fører til fleire konflikhtar, som me må løyse på ein måte som gjer at me kan halda på stemninga. Saman kan me få til ei fin feiring - <u>samarbeid</u>.</p>	<p>Natur, miljø og teknikk Kunst, kultur og kreativitet</p>
Tradisj. julemat	<p>Bake pepperkaker og lussekattar Lage julegraut</p>	<p>Jmf. tradisjon</p>	<p>Ved alle aktivitetar, og spesielt fellesaktivitetar, legg me vekt på <u>glede og humor</u>.</p>	

<b>Kva</b>	<b>Korleis</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Sosial kompetanse</b>	<b>Fagområde</b>
Pynte til jul	Samlar inn naturmateriale og pyntar/lagar pynt til jul	Tradisjon	Jfr. Jul/advent	<u>Januar:</u> Natur, miljø og teknikk
<b>Vinter</b>	<p>Observera naturen om vinteren. Sjå snøen, nakne greiner, og sjå korleis nærområdet ser ut om vinteren.</p> <p>Is/vann prosjekt</p> <p>Ake, leike og ha formingsakt. i snøen.</p>	<p>Oppleva vinteren og enkle naturfenomen. Sjå på kva som er skil haust frå vinter.</p> <p>Kjekt og motorisk utviklande. Vi ser korleis vi kan bruke snøen som materiale, kan vi og tilføre den noko farge, mineraler? Lager is skulpturar med fargar</p>	Samarbeide om formingsprosjekt	<p>Kropp, rørsle, helse</p> <p>Nærmiljø og samfunn</p> <p>Kunst, kultur og kreativitet</p> <p><u>Januar/ Februar:</u> Kommunikasjon, språk og tekst</p>
Førskule Gruppe for 5 åringane	Me gjer skuleførebuande aktivitetar	For at 5 åringane skal bli trygge nok til å takle overgangen til skulen	Samarbeid om felles mål styrkar t.d. samhald og venskap.	

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<b>Eventyr</b>	<p>Fortelje, lese dramatisere og/ eller synge eventyr. I små og store grupper.</p> <p>Avsluttar tema med å dramatisere for dei andre avdelingane.</p>	<p>Forteljartradisjon. Barn får næring til ny leik. Lære nye omgrep, gi næring til språket.</p> <p>Få leve seg inn i ei rolle og fortelje eventyret til dei andre gjennom å dramatisere.</p>	<p>I eventyrforteljing kan vi belyse alle elementa i sosial kompetanse utan å vera i direkte kontakt. Barnehagepersonalet brukar ulike eventyr alt etter kva element i sosial kompetanse ein vil nå tak i.</p> <p>I alle eventyr opplever ein at ein må ha heile basiskompetansen, eller sosial kompetanse som vi kallar den, intakt for at alt skal gå godt. Heltinna/ helten må ha evne til <u>innleving, kunne samarbeida, må kunne kontrollera seg sjølv, kunna løysa problem og ha ein god porsjon med glede og humor.</u> Slik som i det verkelege livet, vi må vera heile menneske for at vi skal få det godt.</p>	<p>Kunst, kultur, kreativitet</p> <p>Kommunikasjon, språk og tekst</p>
Gul veke, Solfest	Heile barnehagen feirar sola. Vi kler oss i gult, lagar god mat, syng og dansar. Vi får besøk av ” kong vinter og dronning sol”	Vi har dette som tradisjon i barnehagen. I fellesskap opplever vi gleda ved å feira at sola er tilbake.	Fellesskap med alle i samling og aktivitetar	Kunst, kultur, kreativitet

<b>Kva</b>	<b>Korleis</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Sosial kompetanse</b>	<b>Fagområde</b>
REAL Øvingar; Handle gul frukt	Dei eldste handlar gul frukt, som alle får smake på.	Vi et gul frukt og blir medviten om kva for gul frukt som finnast, og får kanskje smake på frukt me ikkje et til vanleg.	Me kosar oss med god mat i god stemning, som igjen gjer at fellesskapet me har i barnehagen blir styrka. Ei god fellesoppleving.	Kropp, rørsle mat og helse
Akedag	Me reiser i buss til Hodlekve, og har mat med.	Opplive glæda ved å vere ute og leike i snøen.	Fellesoppleving på tur	<u>Mars:</u> Tal, rom og form
Fastelavn	Foreldra blir invitert til å smake på bollar	Oppliva at dette er tradisjon.	Fellesoppleving saman med føresette Samarbeid om invitasjon og bollebaking	
REAL øvingar: Lage invitasjon Bake bollar		.		
Barnehage dagen	Gjennom aktivitet knytt til tema, markerer me bhgdagen	Synleggjere barnehagen sitt innhald med danning, leik, læring og omsorg.	Felleskapsoppleving saman	

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p><b>Påske</b></p> <p>REAL øvingar: Lage invitasjon til påskefrukost t Bake rundstykke Samle natur materiale til påskepynt Lage pynt til borda Handle inn mat</p>	<p>Laga påskepynt, laga påskefrukost på avdelingane., og invitera føresette</p>	<p>Få kunnskap om kva som må gjerast når ein inviterer til mat.</p> <p>Kjekt å invitere føresette, gjere noko for andre.</p>	<p>Fellesoppleving saman med føresette, lærer gjennom å få ansvar.</p>	<p><u>April/mai:</u> Natur, miljø og teknikk</p> <p>Kunst, kultur og kreativitet</p> <p>Nærmiljø og samfunn</p>
<p><b>Vår</b></p>	<p>Mykje spontane turar i nærmiljøet. Sjå på fenomenet is/vatn, snøsmelting Sjå at naturen vaknar til liv. Så frø.</p>	<p>Bli kjende med enkle naturfenomen. Sjå korleis nytt liv gror. Gleda ved å vera ute når våren kjem.</p> <p>Lære og sjå at frø blir til plante.</p>	<p>Fellesopplevingar ute i naturen</p>	

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p>REAL øvingar Vaske uteleikar (Denne kan gjerast kvar månad eller etter behov)</p>	<p>Barna er med og vaskar uteleikar, med såpe og oppvaskkostar</p>	<p>Lærer ansvarskjensle for det me har rundt oss, og som me må ta vare på</p>	<p>Samarbeid</p>	
<p>Me set poteter og evt. andre grønsaker ca. 18.mai</p>	<p>Dei som blir eldst neste år er med og set poteter i jorda, og sår evt. andre grønnsaker</p>	<p>Lære om og få erfaring i å sette poteter. Få kunnskap om potetproduksjon og evt anna grønnsaksproduksjon</p>	<p>Samarbeid</p>	<p>Kropp, rørsle og helse</p>
<p>Turar</p>	<p>Vera ute i naturen, og bruka kroppen.</p>		<p>Bygge opp under fellesskapsfølelsen</p>	<p>Kropp, rørsle og helse</p>
<p>Gardsbesøk</p>	<p>Gå puljevis for å sjå på sauene ute på gardane på Nes, eller</p>	<p>Sjå og lære meir om nokre av husdyra våre</p>		<p><u>Mai:</u> Nærmiljø og samfunn  Natur, miljø og teknikk</p>



Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
<p>Fuglar</p> <p>17- mai</p> <p>REAL øvingar Pynte til 17. maifest, Lage graut Handle mat</p>	<p>Me lagar reir og følger med om det kjem fugleungar i det.</p> <p>Syng Nasjonalsongen og vi fargar det norske flagget. Øver på å gå i tog.</p> <p>Hentar pynt frå naturen, og er med å lagar graut</p> <p>FORELDRA HAR ANSVAR FOR 17 – MAI ARR.</p>	<p>Sjå og lære om korleis fuglelivet fungerer.</p> <p>Tradisjon.</p> <p>Få kjennskap til kvifor vi feirar 17 – mai.</p> <p>Få kjennskap til kva matkultur vi har i Noreg</p>		<p>Natur, miljø og teknikk</p>

<b>Kva</b>	<b>Korleis</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Sosial kompetanse</b>	<b>Fagområde</b>
<p>Overgang bhg-skule for 5 åringane</p>	<p>Skuleførebuande aktivitetar. Formelle og uformelle besøk til skulen</p>	<p>Me vil at 5 åringane skal vere best mogleg rusta til å starte i 1. klasse.</p>	<p>Stemmebruk, lære seg å følgje spelereglar, vente på tur, dele med andre, vere stille mens andre snakkar, godta andre sine val og meiningar, lære seg å tørre å gå inn i nye ting og gjere nye erfaringar, vise respekt for at me er ulike/vise respekt for omgjevnadene</p>	
<p><b>Sommar</b></p> <p>Livet i fjæra og i sjøen</p>	<p>Turar ned til stranda på Hagelin.</p> <p>Sjå kva me finn på stranda, i sjøen og under steinane.</p> <p>Få hjelp av ein dukkar til å ta opp noko frå sjøbotnen. (eks: tang, skjell, kråkebolle)</p> <p>Fisk til mat. Fiske, sløye og tilberede.</p>	<p>Barna skal få kjennskap til livet i fjæra og i sjøen.</p> <p>Læra om sjøen som næringsveg og om at folk kan leve av sjøen. Lære at fisk og andre dyr i sjøen er mat og at folk kan bruke sjøen til bl.a. å ta seg fram i båt.</p>	<p>Felles oppleving for avdelingane. Respekt og forståing for at me må ta vare på naturen i og omkring sjøen. Læra gode vanar omkring miljøvern.</p>	<p><u>Mai/Juni:</u> Natur, miljø og teknikk</p>

Kva	Korleis	Kvifor	Sosial kompetanse	Fagområde
REAL øving: Vaske stolar	<p>Vera ute, gå på turar. Plukka og pressa blomar og andre vekstar.</p> <p>Barna kan hjelpe til å vaske før ein stenger barnehagen for sommaren</p>	<p>Nytta høve til å vera ute og verta kjende med naturen på denne årstida</p> <p>Ansvar, vere hjelpsam</p>	<p>Turar er gode opplevingar som styrkar fellesskapet. Ein oppdagar og får andre erfaringar med kvarandre når ein er i andre settingar enn innanfor barnehagegjerdet.</p> <p>Samarbeid om felles mål styrkar t.d. samhald og venskap.</p>	
Sommar- fest	<p>Grillfest for føresette, barn og personale. Barna er med på å pynte til festen. Barna syng for foreldra.</p>	<p>Koseleg avslutning på barnehageåret.</p> <p>Ansvar, hjelpe til, få erfaring i kva som må til når ein skal ha gjestar. Kjekt å få bidra.</p>		
REAL øvingar: Lage invitasjon, lage salat Finne og laga pynt til borda				

